



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
08/2017	Valstyret	PS	03.04.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 011	17/316

### STORTINGSVALET 2017 - FASTSETJING AV TID OG STAD FOR FØREHANDSRØYSTING

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert lagt til rette for førehandsrøysting slik:

#### Ordinær førehandsrøysting frå 10. august:

Ved Innbyggjarservice i heradshuset i ordinære opningstider – kl 0800–1500  
Langope siste veka før valdagen: tysdag-torsdag til kl 1900, fredag til kl 1700

I tillegg vert det lagt til rette for førehandsrøysting ved Stanghelle skule, Stamnes skule, Dagsenter Sveabrekko og Eksingedalen skule.

Leiar og sekretær i valstyret får fullmakt til å fastsetje tidspunkta for førehandsrøystinga i samråd med røystestadane.

#### Førehandsrøysting på institusjon:

Daletunet omsorgssenter tirsdag 05.09. kl 1000–1200  
Vaksdal sjukeheim onsdag 06.09. kl 1000–1200  
Tidspunkta må avklarast nærare med einingsleiar.

#### Ambulerande røysting:

Frist for å søkja om å få røysta til ambulerande røystemottakar vert sett til tysdag 05.09. kl. 1200.

#### Røystemottakarar:

Alle tilsette i stab, bakvakter på Innbyggjarservice og merkantilt personale på sjukeheimane vert oppnemnde som røystemottakarar ved førehandsrøystinga, i tillegg til sekretæren i valstyret. Dersom det er behov for å oppnemna fleire røystemottakarar, får leiar i valstyret fullmakt til dette.

### Valstyret - Sak 08/2017

#### **VAL - Behandling:**

Det vart gjort merksam på at Innbyggjarservice har ope til kl 1400 på fredagar.

Samrøystes vedtak.

## **VAL - Vedtak:**

Det vert lagt til rette for førehandsrøysting slik:

### Ordinær førehandsrøysting frå 10. august:

Ved Innbyggjarservice i heradshuset i ordinære opningstider – kl 0800–1500 mandag-torsdag og 0800-1400 fredag.

Langope siste veka før valdagen: tysdag-torsdag til kl 1900, fredag til kl 1700

I tillegg vert det lagt til rette for førehandsrøysting ved Stanghelle skule, Stamnes skule, Dagsenter Sveabrekko og Eksingedalen skule.

Leiar og sekretær i valstyret får fullmakt til å fastsetje tidspunkta for førehandsrøystinga i samråd med røystestadane.

### Førehandsrøysting på institusjon:

Daletunet omsorgssenter tirsdag 05.09. kl 1000–1200

Vaksdal sjukeheim onsdag 06.09. kl 1000–1200

Tidspunkta må avklarast nærare med einingsleiar.

### Ambulerande røysting:

Frist for å søkja om å få røysta til ambulerande røystemottakar vert sett til tysdag 05.09. kl. 1200.

### Røystemottakarar:

Alle tilsette i stab, bakvakter på Innbyggjarservice og merkantilt personale på sjukeheimane vert oppnemnde som røystemottakarar ved førehandsrøystinga, i tillegg til sekretæren i valstyret.

Dersom det er behov for å oppnemna fleire røystemottakarar, får leiar i valstyret fullmakt til dette.

## **Saksopplysningar:**

Den ordinære førehandsrøystinga startar 10. august, jfr. vallova § 8-1 (1). I tillegg kan veljarar som ikkje kan røysta i perioden for førehandsrøysting eller på valdagen, venda seg til kommunen og få røysta frå 1. juli og fram til førehandsrøystinga starter 10. august, jfr § 8-1 (4).

Det er valstyret som fastset kor det skal vere mottak av førehandsrøyster, men det er eit lovfesta krav at det skal haldast førehandsrøysting på helse- og omsorgsinstitusjonar vl § 8-3 (2) bokstav a).

Veljarar som på grunn av sjukdom eller uførleik ikkje kan røyste på valdagen eller der det blir halde førehandsrøysting, kan etter søknad til valstyret, førehandsrøyste der dei oppheld seg (ambulerande røysting). Søknadsfristen for å søkje om ambulerande røysting skal setjast til eit tidspunkt innanfor perioden mellom tysdag og fredag siste veka før valet, vl § 8-3 (6).

Sekretæren for valstyret får fullmakt til å fastsetje endeleg tidspunkt for røysting på institusjonane i samråd med einingsleiar. Likeins må tidspunktet for ambulerande røysting tilpassast når ein har oversikt over søknadane.

## **Røystemottakarar**

Det følgjer av vallova § 8-2 (1) bokstav a), at det er valstyret som oppnemner røystemottakarar innanriks. Valstyret må nemne opp så mange røystemottakarar som det er naudsynt for å gjennomføre førehandsrøystinga på ein tilfredsstillande måte. Ved all førehandsrøysting frå 10. august skal det vere minst to røystemottakarar til stades, jfr. vallova § 8-1 (5).